

KORT OMTALE AV REGIONALE PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELT MIDLAR FRÅ KVALITETSSATSINGA.

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest

Prosjektnamn

Systematisering og evaluering av behandling og oppfølging av pasientar med ryggfraktur.

Prosjekteigar (Helseforetak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Helse Bergen HF / HUS/ Ortopedisk Klinikk/ Ortopedisk avdeling/Ryggseksjon (Prosjekt 1)

i samarbeid med

Helse Bergen HF / HUS/ Medisinsk Servicedivisjon/ Fysioterapiavdelingen/ Ortopedisk seksjon (Prosjekt 2)

Prosjektleder (kontaktperson)

Prosjekt 1 Andreas Seip, Overlege Ortopedisk klinikk

Prosjekt 2 Heid Nygard (Fysioterapeut, cand. San, seksjonsleder OT, Fysioterapiavdelingen)

Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt.

Kvifor blei prosjektet starta?

Vi ønsker å finne ut om vår praksis for behandling av ryggbrudd er så god som mulig.

For å vurdere dette vil vi samle inn, systematisere og bearbeide pasientdata.

Prosjekt 1:

Legge grunnlag for å kunne evaluere resultatet av behandlingen av ryggbrudd.

Ut fra hva dataene viser oss om hvilke faktorer som har betydning tenker vi å gå gjennom og bearbeide retningslinjene i metodeboka vår.

Prosjekt 2:

Vurdere kliniske data innhenta ved fysioterapeutisk undersøking, i forhold til andre kliniske data (frå prosjekt 1).

Skaffe viktig erfaring med bruk av akselerometer

Delprosjekt 1 og 2 skal samordnast og data frå delprosjekt 2 vil vera del av datasamlinga i resten av prosjektet.

Bakgrunn:

Ved vår seksjon vert det behandla 60-80 pasientar årleg med traumatisk ryggfraktur. Primærbehandling er korsettbehandling eller operativ fiksering av fraktur.

Desse pasientane er i utgangspunktet friske og mange vert heilt bra, men nokre får varige plager. Ein del av pasientene blir uføre eller får betydelig varig nedsett arbeidsevne. Ved å systematisere data frå undersøkinga håpar vi å finne faktorar som kan vere med å predikere sluttresultatet.

Eit av funna i fysioterapeutisk undersøking ved polikliniske kontrollar er at mange av pasientane ser ut til å ha vanskar med stabilitet i ryggen med påfølgande redusert balanse. Dette er lite målbart ved vanleg klinisk undersøking og vi ynskjer i delprosjekt 2 å undersøke om det er mogleg å objektivisere ryggstabilitet og balanse ved bruk av akselerometer.

Ressursbruk idag:

Operative ressurser (ca 40 primæroperasjoner i året, ca 10 implantatfjerninger i året)

Implantater (drøyt 1,5 million kr/ år)

Korsetter (anslagsvis kr 150000/ år)

Omtrent 70 pasienter får fysioterapioppfølging i rundt 6 mnd hvert år.

Vi håper at ein systematisk gjennomgang kan hjelpe oss til å vurdere resultatet av denne ressursbruken.

Mål for prosjektet

Kva for forbetring håper de at prosjektet skal føre til?

Vi håper at prosjektet skal kunne gje eit betre grunnlag for å velgje behandlingsform og oppfølging for den enkelte pasient.

Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Kva skal gjerast og korleis skal effekten av tiltaket målast ?

Prosjekt 1:

Samle inn informasjon om pasientene og skadeforløpene ved innleggelse og oppfølgende kontroller (kliniske opplysninger om skadenivå, skadeklassifisering, rtg bilde, smerteoppleving, funksjonsvurderinger aktivitetsnivå, oppfølging, compliance, sykemelding, osv I tillegg opplysninger om valgt behandling.) Dette skal registreres, systematiseres og vurderes.

Prosjekt 2

Samle inn, systematisere data frå klinisk fysioterapeutisk undersøking og vurdere desse funna opp mot andre kliniske funn. Undersøke \ teste eit utval pasientar med akselerometer fleire gonger i forløpet etter ryggfraktur. Vurdere dette resultatet opp mot andre data innsamla i prosjekt 1. Akselerometer er eit instrument med ein sendar festa på ryggen til pasienten. Sendaren måler endring av bevegelse i 3 plan i det aktuelle området. Dataene skal registrerast på den enkelte pasient ved dei vanlege

polikliniske kontrollane i samband med utført balansetest (eitt- beinståande). Testresultata for den enkelte skal samanliknast med sine eigne testresultat i forløpet. Vidare skal resultata frå denne testen samanliknast med andre innsamla data frå poliklinisk kontroll som skal systematiserast og vurderast i prosjekt 1.

Planlagt bruk av resultat i eiga eining (implementering i drift m. v.)

Bearbeide vår metodebok med henhold på:

- Valg av operasjon eller korsettbehandling.
- Gjennomføring av korsettbehandlingen
- Kontrollopplegg
- Opptreningsopplegg og fysioterapioppfølging

Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Fagtidsskrift, vitenskapelig artikkel, presentasjon på fagdagar, konferansar osv

Vår ortopediske metodebok brukes også av andre avdelinger i regionen. Vi vil gjennomgå denne med henhold på :

å vurdere behov hos den enkelte for spesialisert behandling på Haukeland universitetssjukehus eller behandling på lokalsjukehus.

Vi vil også legge inn avsnitt om råd om konservativ behandling av ryggbrudd.

Vi har regionfunksjon for denne pasientgruppa. Pasientane vert vurdert og følgd opp av andre einingar og av primærhelsetenesta slik at dette prosjektet vil ha overføringsverdi til neste ledd i behandlingsskjeda. Vi håpar at funn frå prosjekta kan danna grunnlag for utvelging av pasientar med behov for meir eller mindre fysioterapi, eller andre tiltak.

Oppstarttidspunkt (planlagt)

Under oppstart

Sluttidspunkt (planlagt)

Seinast ultimo 2012